

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-002, FA-L34	21/657

Saknr	Utval	Type	Dato
077/2021	Formannskapet	PS	18.10.2021
047/2021	Kommunestyret	PS	28.10.2021

Søknad om utgreiing om justering av kommunegrensene

Vedlegg:

Journalposttittel

20210706-SoknadGrensejustering-MedKart
Notat om grensejustering.pdf

Dato

09.07.2021
06.09.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting, og forslag til uttale er innarbeidd som del av saksutgreiinga,

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Statsforvaltaren har 12.07.2021 motteke ein søknad om grensejustering frå innbyggjarar og næringsdrivande i gamle Romarheim-Urdal skulekrins i Alver kommune (søknaden følgjer som saksvedlegg). Det vert søkt om at gamle Romarheim-Urdal skulekrins (Indrefjorden), vert ein del av Modalen kommune, alternativt ein del av Masfjorden kommune.

Viser elles til skriv og melding, samt drøfting i formannskapsmøte 2.9.21.

Søknaden vert handtert som ein søknad om utgreiing av grensejustering etter inndelingslova § 8 første ledd, med bakgrunn i initiativrett etter inndelingslova § 8 første ledd. At ein har initiativrett inneber at ein har krav på å få vurdert om det skal setjast i gang ei nærare utgreiing av spørsmålet om grensejustering. I samsvar med inndelingslova § 8 fjerde ledd tredje setning vert Alver kommune, Modalen kommune og Masfjorden kommune orientert om søknaden.

Statsforvaltaren ber om kommunane sine førebelse merknader til den grensejusteringa som er søkt utgreidd, under dette korleis dei førebels stiller seg til den grensejusteringa som det er gjort framlegg om. Vidare ber Statsforvaltaren kommunane gjere greie for tilhøve som dei meiner vil vere av interesse for vurderinga av om spørsmålet om grensejustering skal utgreiast nærare, og tilhøve som dei meiner vil vere av interesse ved ei slik eventuell utgreiing

Høring

Masfjorden kommune er beden om å komme med uttale i saka, og justert uttalefrist er sett til den 15.november 21.

Uttale

Forslag til uttale;

Masfjorden kommune støttar at det vert sett i gang ei konsekvensutgreiing av grensejusteringa.

Fakta

Viser til inndelingslova og spesielt § 8

§ 8. *Initiativrett*

Søknad om at det skal setjast i gang utgreiing om grensejustering eller grensefastsetjing kan fremjast av innbyggjarar og grunneigarar i dei kommunane søknaden gjeld, av næringsdrivande som har sin registrerte forretningsstad der og av kommunestyret eller fylkestinget i dei kommunane eller fylkeskommunane søknaden gjeld.

Søknad om at det skal setjast i gang utgreiing om samanslåing eller deling kan berre fremjast av kommunestyret eller fylkestinget sjølv i dei kommunane eller fylkeskommunane endringsforslaget gjeld.

Departementet kan på eige initiativ utgreie spørsmål om grenseendring eller grensefastsetjing.

Søknad om at det skal setjast i gang utgreiing om grenseendring eller grensefastsetjing skal vere skriftleg og grunngitt, og må innehalde forslag til nye grenser. Søknaden skal sendast statsforvaltaren i det området saka gjeld. Statsforvaltaren skal så snart som råd orientere kommunane eller fylkeskommunane om søknaden.

Vurdering

Innbyggjarar og næringsdrivande i gamle Romarheim – Urdal skulekrins i Alver kommune har søkt Statsforvaltaren om utgreiing i høve justering av kommunegrensa mellom Alver og Modalen kommunar, alternativt Masfjorden jf. sakstilfang. I søknaden vert det gjort greie for søkjarane sine argument for å få utgreidd saka. Masfjorden kommune vurderer at det ikkje vil vere mogleg å ta stilling til ei sak om slik grensejustering utan ei evt. grundig konsekvensutgreiing av alle tilhøve som er relevant. Dette gjeld mellom anna økonomi(inntekter/utgifter), demografiske forhold/folketalsutvikling, barnetal sett opp mot kapasitet i barnehage og skule, pleie- og omsorg/institusjonskapasitet, kapasitet på helsetenester, dimensjonering av andre kommunale tenester og administrative funksjonar, kommunale vegar, vedlikehald, vatn og avlaup, investeringar og andre relevante tema som kan vere aktuelle.

Konklusjon

Basert på vurderingane, samt at ein meiner at ein må ta innbyggjarane sitt initiativ på alvor, så vil ein tilrå å støtte ei nærare konsekvensutgreiing. Konsekvensutgreiing må til for å ta stilling til søknaden/initiativet, for å få på plass eit relevant avgjerdsgrunnlag, då det er umogleg å ta stilling til ei slik omfattande sak som grensejustering er, utifrå den informasjonen som pr no er tilgjengeleg.

Formannskapet - 077/2021

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune støttar at det vert sett i gang ei konsekvensutgreiing av grensejusteringa.

Kommunestyret - 047/2021

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune støttar at det vert sett i gang ei konsekvensutgreiing av grensejusteringa.